



# Hardanger Fjord Nytt

[www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com)

## Tilfredsstillande 1. kvartal

Dei 3 første månadane av 2003 var på det jamne for hotella i Hardanger. Dei tapte 13.7% på gjestedøgn samanlikna med det gode året 2002, men hadde 3.6% omsetnadsauke til 10,3 millionar NOK på rom. Dette vert ein gjennomsnittleg rompris på NOK 792 mot NOK 715 i 1. kvartal 2002.

### Minus på norske gjester, pluss på utlendingane

Medan norske gjestedøgn gjekk attende med 18% var det ein prosentvis solid auke på gjestedøgn frå utlandet. Desse tala er likevel små for perioden januar-mars, så næringa avventar hovudsesongen før ein slår fast nokon tendens. Tyskland syner god framgang, det same gjør Sveits, Austerrike og Sverige.

Quality Hotell Vøringfoss og Utne Hotell har vore stengt i denne perioden, og det forklarer noko av utviklinga. No er baa hotella i gang att, Utne Hotell etter ei restaurering til NOK 6 millionar.

### Noreg viktigaste marknad

I den urolige verdssituasjonen vert norske feriegjester ei viktig kundegruppe for Hardanger. Reisemål Hardanger Fjord AS har difor satsa aktivt på denne marknaden. I april/mai har ein distribuert Hordalandsavis saman med resten av fylket til 500.000 husstandar, og sist laurdag gjekk 110.000 Hardangeraviser ut til nærmarknaden i Hordaland. Hardanger er sterkt representert på turistinformasjonane i Oslo og Bergen, og Hardangerguiden er

spredd utover Noreg og resten av verda i 190.000 eksemplar.

I desse dagar sender selskapet ut store mengder informasjon til kundar i inn- og utland, eigne produktark for fjordcruise er trykka opp og det vert gjort klart kart til utdeling på ferjer, terminalar og turistinformasjonar



Framsida på Hordalandsavis der Hardanger var tildelt 2 heile sider med redaksjonell tekst og bileter

|                             |   |
|-----------------------------|---|
| Informasjonsmøte i Bergen.. | 2 |
| Reiselivet i Hardanger..... | 2 |
| Testpilotar til Hardanger.. | 2 |
| Generalforsamling .....     | 3 |
| Distribusjon.....           | 3 |
| Diverse .....               | 4 |
| Nytilsett ved RHF.....      | 4 |

# take a moment in the garden of Fjord Norway...

## Reiselivet i Hardanger

**Folgefonn Gjestetun** er vorten ny aksjeeigar i reisemål Hardanger Fjord AS. Vi ønskjer hjarteleg velkomen og lukke til med storsatsinga i Jondal

Vi gratulerer **Utne Hotell** med nyopninga - og er stolte over å kunna marknadsføre denne juvelen i Hardanger!

**Folgefonn Sommarski Senter** opnar 17. mai, og er ope kvar dag kl10-16  
**Tyssedal Kraftstasjon** opnar opp att etter omfattande restaurering, og i høve kraftstasjonens kandidatur til UNESCOs liste over verdas kulturarv arrangerar NVIM konferansen "Man, Water and Cultural Heritage" 5.-6. juni

**Fossli Hotel** satsar på eit nytt og innovativt produkt denne sesongen: 3 rettars lunsj etterfulgt av 10min helikopter- sightseeing på vidda

## 4 danske testpilotar til Hardanger!



Norges Turistråd vil avlive myten om at Noreg er dyrt og kjedeleg. Difor gjekk dei ut i media i Danmark og annonserte etter

"testpilotar" som skulle inviterast gratis til nokre stader i Noreg for å teste ut reiselivsproduktet vårt. Det måtte følgje ei god grunnngjeving med påmeldinga.

No er resultatet klårt, og Hardanger fgår vitjing av 4 danske kvinner i alderen 50-60 år som i eigen bil skal utforske regionen 29. mai til 1. juni. På den korte tida vil dei bu i Ulvik og Kinsarvik, sjå Natursentret, Vøringsfossen, Stream Nest, Hardanger Folkemuseum, Hardanger Bestikk og Utne Hotell. Opplegget er eit samarbeidsprosjekt innan Eventyrvegen, og er omfatta med stor mediainteresse.



*Helge Møller på informasjonsmøte på Fløyen i Bergen. Her i saman med Nordhordland reiseliv, Voss Turistinformasjon, Voss Rafting Senter og Kystopplevelser AS. Dette er ein årleg event der Hardanger alltid er representert*

## 200 Deltakarar på informasjonsmøte i Bergen

I desse dagar vert turistinformasjonar, hotell- og hyttegrendpersonale informert om Hardanger i fleire møter. På Fløssliyrestauranten i Bergen samla Bergen Reiselivslag om lag 200 (frontline) personar frå reiselivet til informasjon om årets sesong. Her fekk vi høve til å fortelje om sommarski sentret og rundturen frå Bergen. Det var stor interesse og mange spørsmål.

På 3 møter i Ulvik, Kinsarvik og Norheimsund har HSD Sjø og Reisemål Hardanger Fjord introdusert fjordcruise produktet. HSD har dessutan vore på Voss, der det vart møte med Turistinformasjonen. Det må vere eit mål å få alle langtidsturistane om bord på båten og gjerne inkludere Vøringsfossen og Natursentret.

20. og 21. mai vert det visningsturar for nærare 100 reiselivsfolk i Bergen, Voss og Hardanger.

# take a moment in the garden of FjordNorway...



## Ny plakat

Reisemål Hardanger Fjord produserte i april ein plakat som skal distribuerast til turistkontor og turoperatørar. Teksten er '...take a moment in the garden of Fjord Norway

## Distribusjon

Før påske sendte Reisemål Hardanger Fjord ut bestillingsskjema til turoperatørar der dei kunne bestilla Produkt Manualen 2004, Hardanger Guide 2003, samt profilbrosjyra. Dette vart motteke svært positivt, og i løpet av april/mai har RHF sendt ut brosjyrematriell til eit hundretals turoperatørar over heile verda. I tillegg er det svært mange enkeltpersonal som tingar Hardanger Guiden.

## Attval i Reisemål Hardanger Fjord AS

Generalforsamlinga i Reisemål Hardanger Fjord AS har attvalgt Anne-Toril Laupsa (Øystese), Ola Hiis Bergh (Florvåg) og Edmund H. Utne (Lofthus) som styremedlemmer for 2 nye år. Samstundes er Anne-Toril Laupsa attvalgt som styreleiar for 1 år. Frå tidlegare sit Per-Ove Pedersen (Ulvik), John Skogseth (Jondal), Oddvar Brakestad (Eidfjord) og Einar Wold (Fusa) i styret. Reisemål Hardanger Fjord AS hadde ein omsetningsauke i 2002 på heile 25%, frå 4.4 millionar NOK til 5.5 millionar NOK. Rekneskapen er gjort opp med eit overskott på NOK 4.945 før skatt og eit ordinært resultat på -NOK 23.692 etter skatt. Det vart lagt fram ein fyldig årsmelding på generalforsamlinga. I sitt 10. driftsår har det vore stor aktivitet i selskapet i 2002, og reiselivet bidro med heile NOK 3.6 millionar i kjøp av tenester og marknadsføringspakker. Det var god framgang i trafikken til Hardanger, og romomsetninga på hotel var oppe i NOK 84 millionar. Kapasitetsutnyttinga var og tilfredstillande. Administrasjonen hausta mange godord for sitt arbeid, og for gjennomføringa av Jubileumskonferansen 2003 i april.



Det attvalde styret i RHF



Styreleiar og Helge Møller gjekk igjennom årsmeldinga



Musikalsk innslag av lokale Øystese ungdommar



Tidlegare RHF tilsette Anne Grethe og Brita dukka også opp

# take a moment in the garden of FjordNorway...

## 2 landskap

"Men det er som det finst to landskap her. Eitt Hardanger. Og eitt ikkje-Hardanger. Det er nærmast to motsette ikon. På den eine sida finst eit Hardanger som stig fram i brosjyrane: fjorden, fjella, frukta, fossane, breen, bunadane, hardingfelene. På den andre sida har du eit ikkje-Hardanger slik det blir framstilt i massemedia: industrien, nedlegginga, fråflyttinga, forureininga, narkotikaen, rasfaren, dei dårlege vegane. Som om Hardanger har skapt sitt eige vrengebilde, eit monster midt i Noregs frukthage, ein karbidgrå undergravar av det nasjonale"

*Frode Grytten: Det første rommet  
(Norske Landskap, 2003)*



## Reisemål Hardanger Fjord AS styrkar stallen

Hardangers eiga marknadsføringsverksemd, Reisemål Hardanger Fjord AS, har tilsett Jeanine Heide (36) som ny sals- og produktkoordinator. Jeanine er utdanna geograf frå

Universitetet i Bergen og kjem frå stillinga som leiar av prosjektet

"Trivselsgrenda" til Fylkesmannen i Hordaland. Ho har og røynsle frå skuleverket, miljøheimevernet og Jondal kommune.

I Reisemål Hardanger Fjord får ho ansvaret for produksjon og layout av Hardangerguiden. Ho skal stå i nær kontakt med aksjeeigarar, kommunar og andre samarbeidspartnarar. All produksjon av annonser og salsmateriell vil sortere under henne, likeins statistikk og pressearbeid.

Ho tiltrer stillinga 1. juli.



## Er verksemda di å finna på Internett?

Delta i eit nasjonalt og regionalt heilskapeleg Internettmiljø, der reiselystne finn dykk ! Prisar frå **NOK 2700 per år** - som inkluderar svært høg eksponering, og målbare resultat.

[www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com) er nyleg oppgradert. Søk funksjonar, navigasjon, produktlister og produktpresentasjonar er no forbetra.

**NB !** Gå inn/skriv inn [www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com) på nytt, for å få opp siste utgåve.

ardanger

Registrer dykkar arrangement på

[www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com)

....gratis

....spør etter registrerings skjema,  
me lovar høg eksponering!

Reisemål Hardanger Fjord AS, Hardanger Brygge, 5600 Nordheimsund

Tel: +47 5655 3870

Fax: +47 5655 3871

info@hardangerfjord.com

[www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com)